



Arild Hansen  
Jonsokgrenda 4  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/1397 - 23/39607

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
24.05.2023

## Ferdigattest flytting av pipe - gbnr 323/164 Frekhaug

**Administrativt vedtak:** Saknr: 533/23  
**Tiltakshavar:** Arild Hansen  
**Ansvarleg søkjar:** Murmester Roy Stenehjem As  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for flytting av pipe i einebustad på gbnr 323/164.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 17.02.2023. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.05.2023.

### Skildring

|                 |                |
|-----------------|----------------|
| Adresse:        | Jonsokgrenda 4 |
| Bygningstiltak: | Einbustad      |
| Bygningsnummer: | 9854142        |
| Tal på røykløp: | 1              |

## Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/1397

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakarar:

Arild Hansen  
Murmester Roy Stenehjem As

Jonsokgrenda 4 5918  
Steinestøvegen 5109  
430

FREKHAUG  
HYLKJE